

Møteprotokoll

Verneområdestyret Setesdal Vestehei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR
Møtested: Telefonmøte, Telefonmøte
Dato: 10.09.2018
Tidspunkt: 08:00

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon
Bjørn Laugaland	Leder
Oddmund Ljosland	Nestleder
Gerd Helen Bø	Medlem
Oddlaug Hesland Tjomsland	Medlem

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon
Leiv Rygg Langerak	Medlem

Merknader

Tal timar for møtegodtgjersle: 1.5 timar inkludert førebuing.

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Alf Odden	Verneområdeforvalter
Jørn Haug	Verneområdeforvalter
Guro Sødergren	Verneområdeforvalter

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Bjørn Laugaland

Oddlaug Hesland Tjomsland

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
AU 25/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 26/18	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 27/18	Referatsaker
AU 28/18	Orienteringssaker
AU 29/18	Omdisponering av tiltaksmidler for 2018 og bruk av midlar får verneområdestyret sitt budsjett
AU 30/18	SKK-BASE - Søknad om helikoptertransport til Kjerag i samband med Heliboogie 2019, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Forsand kommune
AU 31/18	Søknad om dispensasjon frå verneforskrift for Vidmyr naturreservat og landskapsvernområde SVR for arrangering av Hovden ultraløp. Roger Nodeland
AU 32/18	Klage på vedtak - landingsløyve for helikopter, Øyvassbu, 4/24 i Bygland kommune.
AU 33/18	Eventuelt

AU 25/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 10.09.2018

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

AU 26/18 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 10.09.2018

Vedtak

Oddlaug Tjomsland skriv under i tillegg til leiar.

AU 27/18 Referatsaker

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 10.09.2018

Inga saker.

AU 28/18 Orienteringssaker

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 10.09.2018

Sakene vart drøfta til slutt, dvs. etter sak 32/18.

Ny turisthytte på Kjerag – vidare framdrift

Saka vart drøfta med utgangspunkt i notat som låg ved møteinnkallinga.

For å få eit best mogleg avgjerdsgrunnlag ønskjer arbeidsutvalet ei kommunal handsaming av saka før den vert handsama etter verneforskrifta.

Styreleiar saman med forvaltningssekretariatet får fullmakt til å formulere eit svarbrev til STF om dette. Eit utkast til svarbrev vert sendt arbeidsutvalet med moglegheit for kommentar.

Forvaltningssekretariatet tar kontakt med fylkesmannen og kommunen i forkant av vidare prosess.

Anleggsveg gjennom Holmavassåno biotopvernområde – tilsvar på brev frå Hydro Energi

Saka vart drøfta med utgangspunkt i notat som låg ved møteinnkallinga.

Styreleiar saman med forvaltningssekretariatet får fullmakt til å formulere eit brev til NVE med kopi til Hydro Energi. Innhaldet i brevet som skissert i notatet frå forvaltningssekretariatet.

Utkast vert sendt arbeidsutvalet før oversending til NVE.

Kommuneplanen for Bykle, arealdelen 2018 - 2030

Verneområdestyret har i møtet 22.8.2018 gitt uttale til planforslaget. I uttalen var ein forslag til ein større arealdisponering ikkje omtala.

Dette gjaldt forslag om å tillate eit hotell («Beverting og overnatting», BF 10) på toppen av skitrekket omlag 500 m. frå vernegrensa SVR.

Av konsekvensutgreiinga går det fram at «Restaurant med auka ferdsel i området vil ha negative konsekvensar for villrein». Vidare at «Det må avklarast om det er for store konflikhtar i høve til villrein»

I utgreiinga ligg det og ein merknad om at tiltaket kan vurderast i høve til besøksstrategi i SVR

Arbeidsutvalet ønskjer at det vert sendt ein supplerande merknad til planforslaget om forslag til arealdisponering nemnd ovanfor. Eit utkast må sendast heile verneområdestyret.

AU 29/18 Omdisponering av tiltaksmidler for 2018 og bruk av midlar får verneområdestyret sitt budsjett

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 10.09.2018

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet gjer følgjande omdisponering av tiltaksmidlar (M 1512) for 2018:

Kr. 30 000 vert nytta til restaureringsarbeid på kulturminne i Lusaheia. Landskapsvernområde.

Så fremt det vert disponible midlar frå styret sitt budsjett for 2018 vert desse nytta til synfaring og opplæring i 2019. Disponeringa av midlane vert nærmare avklara mellom forvaltningssekretariatet og styreleiar.

AU 30/18 SKK-BASE - Søknad om helikoptertransport til Kjerag i samband med Heliboogie 2019, Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 22/1, Forsand kommune

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 10.09.2018

Vedtak

Før handsaming informerte forvaltningssekretariatet om innspel frå William Otterstad til retningsliner for ekstremportaktivitetar på Kjerag som nå er ute på høyring.

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

Forvalters innstilling

I medhald av §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen løyve til å bruke helikopter til persontransport i samband med arrangementet "Heliboogie".

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 19-22. juni 2019.

Det samla talet på transportar skal ikkje overstige 250.

Transportane skal gå føre seg mellom dei tre landingspunkta Lysebotn, Kjerag og Geitaneset, og følgje flygeruter som er teikna inn på kartet som følgjer saksutgreiinga.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten. Verneområdestyret vil og understreke at oppsetting av mellombelse installasjonar og bruk av boreboltar er søknadspliktig etter verneføreskrifta.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Eventuelt søppel må fjernast frå områda både over og under stupet så snart arrangementet er ferdig.
- Dispensasjonen gjeld berre for arrangørstab og betalande deltakarar på Heliboogie.
- Det må innhentast nødvendig dispensasjon frå Forsand kommune og samtykke frå grunneigar.
- Det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekretariatet innan 1. august 2019.

AU 31/18 Søknad om dispensasjon frå verneforskrift for Vidmyr naturreservat og landskapsvernområde SVR for arrangering av Hovden ultraløp. Roger Nodeland

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 10.09.2018

Vedtak

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 gir arbeidsutvalet Roger Nodeland løyve til å arrangere Hovden ultra 22. september 2018 der delar av traseen går i Vidmyr naturreservat og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Arbeidsutvalet legg vekt på at arrangementet i år er av avgrensa storleik og med relativt få deltakarar.

Arbeidsutvalet ønskjer å evaluere gjennomføringa av arrangementet for 2018 før det eventuelt kan gjevast vidare løyve til arrangementet. Arrangør må difor sende inn ein kort rapport om gjennomføringa seinast 15.10.2018. Av denne må det gå fram tal deltakarar og vurdering av eventuelle slitasjeskadar på vegetasjonsdekket. Eventuelle skader skal dokumenterast med bilete.

For gjennomføring av arrangement komande år vil ein oppmode arrangør til å finne trasear som går på etablerte stiar og vegar.

Løyvet til arrangementet kan bli dratt inn på kort varsel om det oppheld seg fostringsflokkar med villrein nær traseen. Arrangør må ha ein dialog med lokalt SNO om dette i dagane før arrangementet.

Arbeidsutvalet føreset at arrangør har tett dialog med grunneigarar for gjennomføring av arrangementet.

AU 32/18 Klage på vedtak - landingsløyve for helikopter, Øyvassbu, 4/24 i Bygland kommune.

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 10.09.2018

Vedtak

Før handsaming vart pkt. 3 i klagen referert for arbeidsutvalet.

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet syner til klage på delegert vedtak 42/18 vedk. avslag på søknad om persontransport med helikopter til Øyvassbu i Bygland kommune. Med heimel i forvaltningslova § 31 vert klagen avvist. Arbeidsutvalet legg vekt på at søker må lastas for å ha oversitte klagefristen. Arbeidsutvalet kan heller ikkje sjå at klagar har oppgjeve særlege grunnar som tilseier at det er rimeleg at klagen vert prøvd.

AU 33/18 Eventuelt

Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 10.09.2018

Inga.